



Utvalg: Kontrollutvalet i Bømlo kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Bømlo rådhus
Dato: 12.05.2015
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Georg Lønning	Nestleiar	H
Kåre Habbestad	Medlem	SP
John-Kåre Torkelsen	Medlem	KRF
Svanhild Vespestad	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Audun Økland (V) møtte ikkje. Det var ikkje meldt forfall til møtet.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Sverre Olav Svarstad	Rådmann (PS 25/15 og 26/15)
Jarle Nakken	Økonomisjef (PS 25/15 og 26/15)
Hanne Jacobsen	Dagleg leiar Bømlo Kulturhus KF (PS 25/15)
Else Holst Larsen	Partner og rekneskapsrevisor frå Deloitte (Heile møtet)
Elin Molven Wilhelmsen	Hordaland Fylkeskommune

Sonja Hellen Sele
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 23/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 24/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 25/15	Årsrekneskap 2014 for Bømlo kulturhus, uttale frå kontrollutvalet		2014/312
PS 26/15	Årsrekneskap 2014 for Bømlo kommune, uttale frå kontrollutvalet		2014/312
PS 27/15	Forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Bømlo kommune - Løypemelding		2015/17
PS 28/15	Referatsaker		
RS 13/15	IA rapportering - Bømlo kommune		2014/344
RS 14/15	Leige av institusjonsplassar til Stord kommune		2015/23
PS 29/15	Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune		2014/313
PS 30/15	Eventuelt		

PS 23/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015

Handsaming i møtet:

PS 27/15 vart handsama før PS 25/15, grunna at dagleg leiar av Bømlo kulturhuset ikkje var komen når møtet starta.

Det kom ikkje fram andre merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 24/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møtet 15.4.2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 15.4.2015 vart godkjent.

PS 25/15 Årsrekneskap 2014 for Bømlo kulturhus, uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Bømlo Kulturhus KF for året 2014, og har ikkje øvrige merknader til denne
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015

Handsaming i møtet:

Dagleg leiar frå Bømlo Kulturhus KF orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Bømlo Kulturhus KF for året 2014, og har ikkje øvrige merknader til denne

2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

PS 26/15 Årsrekneskap 2014 for Bømlo kommune, uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2014.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015

Handsaming i møtet:

Rådmann Sverre Olav Svarstad og økonomisjef Jarle Nakken orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2014.

PS 27/15 Forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Bømlo kommune - Løypemelding

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015

Handsaming i møtet:

Else Holst Larsen frå Deloitte AS la fram løypemelding i høve forvaltningsrevisjonsprosjektet. Rådmannen i Bømlo kommune har bedt om å få utsatt frist for levering av dokumentasjon til prosjektet til 1. juli. 2015. Uavhengig av dette vil revisjonen gjera sitt beste for likevel kunna levere rapport i henhold til oppsatt plan (dvs. innan utgangen av november 2015). Men revisjonene melder at det kan bli forsinkelser i prosjektet som følge av dette

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 28/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

Vedtak i saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 13/15 IA rapportering - Bømlo kommune**RS 14/15 Leige av institusjonsplassar til Stord kommune****PS 29/15 Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 30/15 Eventuelt**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 12.05.2015****Handsaming i møtet:**

Neste kontrollutvalsmøte er etter planen det siste møte denne perioden. Det vart drøfta om det var ynskje om å halda dette møtet utanfor rådhuset. Kontrollutvalet ynskjer å ha møte i Bømlo rådhus.

Vedtak:

Neste møte i kontrollutvalet skal haldast på rådhuset i Bømlo kommune.